



## Austevoll kommune

Hordaland Fylkeskommune

**Vår ref.**

14/163- 2016006738/3882

**Arkivkode**

14/163

**Dykkar ref.****Dato**

26.05.2016

### Høyring av Kulturminneplan 2016-2028

Kommunestyret i Austevoll vedtok den 12.05.2016 sak: 062/16 å legge kulturminneplan 2016-2028 til 1.gongs offentleg høyring.

Kommunedelplan Kulturminneplan 2016 – 2018 følgjer Plan og bygningslova §11-4, og sendes til høyringspartar, vert lyst ut i lokalavisa og legges på heimesida til Austevoll kommune.

Kulturminneplanen gir eit bilde av situasjonen for kulturminna i Austevoll. Ein politisk vedtatt kulturminneplan vil gje føringar for korleis omsynet til kulturminner og kulturmiljø skal ivaretakast i kommuneplanen. Planen er tenkt som eit verktøy for dagleg kulturminneforvaltning. I areal-, plan- og byggesakshandsaminga vil kunne ta omsyn til kulturminneverdiane tidlegare og enklare. Den kan seie noko om bruk av areal og omsynssoner ikring desse. I anna kommunal verksemd kan kulturminneplanen vera eit viktig bidrag til eigedomsforvaltninga, skule og undervisning, kultur, næring, samferdsle med meir. Ein god plan er resultat av ein god prosess og at den vert blir fylgt opp av brei handling i etterkant.

Hovudutfordringar for kulturminnevernet i Austevoll er tap av bygningar og kulturmiljø. Ein manglar dokumentasjon og registreringar av bygningar, kulturmiljø og gjenstandar, foto m.m. Det er behov for registrering, dokumentasjon og verdisetting av kulturminna. Dette må ein gjera for å sikra kunnskap og få til ei betre offentleg forvaltning, skjøtsel og vern. Med å ta godt vare på eit utval av lokale kulturminne og miljø vert dei kjelder til kunnskap, oppleving, identitet, - og ny verdiskaping og for dei kommande generasjonar.

### Mål med kulturminneplanen

Hovudmålet med kommunedelplan for kulturminne er å **styrke kulturminnevernet** i Austevoll. Dette kan gjerast ved å utarbeide ein plan som:

- Gjev oversikt over bredde i kulturminnetema i kommunen.
- Setjer opp ei prioritert liste over utval av kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap.
- Presenterer ein handlingsplan for å sikre kommunal forvaltning av kulturminna, kulturmiljøa og kulturlandskapa.
- Sørgjer for at kulturminneplanen vert innarbeidd ved revisjon av kommuneplanen sin

arealdel med generelle føresegner jf. pbl § 11-9, arealføremål jf. pbl § 11-7, omsynssoner med retningsliner og føresegn jf. pbl §11-8.

Delmål for arbeidet med kulturminneplanen i Austevoll er:

- Å utarbeide kunnskapsgrunnlag om kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap til bruk i anna kommunal planlegging.
- Å identifisere effektive tiltak for å redusera tap av kulturminne.
- Å sikre ei betre og meir heilskapleg kulturminneforvaltning.
- Å etablere eit godt verktøy som kan forenkla og effektivisera kommunen sitt arbeid i plan- og byggesakar som vedkjem kulturminneinteresser.
- Bidra til formidling av- og bevisstgjerjing av Austevoll sine kulturminneverdiar
- Skape grunnlag for løypande kartlegging og registrering av kulturminne og kulturmiljø i Austevoll.
- Ta vare på kulturminne og kulturmiljø for kommande generasjonar.

Kommunedelplanen for kulturminner er delt inn i tre delar.

- **DEL 1: KULTURMINNE SOM TEMA FOR LOKAL SAMFUNNSUTVIKLING**
- **DEL 2: LOKALE KULTURMINNE OG HANDLINGSPROGRAM**
- **DEL 3: VEDLEGG/KULTURMINNEDEL**

Del 1 gjev ein innføring i tilstanden til kulturminneforvaltningen i kommune. Den gjev også eit oversyn over dei kommunale-, regionale- og statlege føringane som er gjeldane. Her ligg ei oppsummering av kva utfordringar kommunen står overfor innafor dette fagfeltet. Vidare tek det opp kriterier for vern av kulturminner.

Del 2 gjev ein kort beskrivelse av historiske liner og ulike typer kulturminner som vi finn i kommunen. Her ligg handlingsdelen med tiltak. Denne gjev føringar for prioriterte oppgåver kommunen vil ha i planperioden.

Del 3 gjev oss eit oversyn over arbeid som er gjort og arbeid som gjenstår i forhold til registrering og dokumenstasjon av kulturminner i kommunen. Det kommer tydelig fram at dette arbeidet er mangelfullt og av eldre dato.

Vedlagt ligger kommunedelplan for kulturminner 2016-2028.

Kulturminnplan 2016 – 2028 vil også ligge på heimesiden til Austevoll kommune;  
[Austevoll kommune](http://www.austevoll.kommune.no) (www.austevoll.kommune.no)

**Frist til å komme med innspel er satt til 1.aug 2016.**

Innspel sendes til [postmottak@ austevoll.kommune.no](mailto:postmottak@ austevoll.kommune.no)

**Kultur og næringsavdelinga**

John Tveit  
Kultur og nærings sjef

Stina Nordbak  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og treng difor ikkje underskrift.*

**Mottakere:**

Austevoll fiskarlag  
Austevoll historielag  
Austevoll Kraftlag  
Austevoll kyst og sogelaget  
Bergen Kommune  
Bømlo kommune  
Drøna og Rostøy bygdelag  
Eldrerådet, Austevoll kommune  
Fitjar kommune  
Fylkesmannen i Hordaland  
Hevrøy vel  
Hordaland bondelag  
Hordaland Fylkeskommune  
Høyringspartar  
Møkster velforening  
Os kommune  
Riksantikvaren  
Statens vegvesen region vest  
Stolmen Vel  
Sund kommune  
Sunnhordaland museum  
Tysnes kommune  
Vinnsvåg velforening

**Vedlegg:**

Kulturminneplan til høring